



## Velkommen til UWC leirskule

Velkommen til UWC leirskule. I dette dokumentet vil dykk finne informasjon om opphaldet.

Vi ser fram til ein fantastisk veke på UWC Leirskule!

*Til elevar og føresette på Vestbygd:*

*I veke 37, 8. – 12. september, reiser elevane på 7.trinn frå Vestbygd og Rossland skule saman på UWC leirskule. Vi ser fram til ei kjekk leirskuleveke der elevane frå skulane vert betre kjend med kvarandre og får gode opplevingar saman.*

*I dette heftet finn de utfyllande informasjon frå leirskulen og pakkeliste.*

*Mvh Vestbygd skule*

## Innhold

<b>Velkommen til UWC leirskule</b>	<b>1</b>
<b>Ankomstdag</b>	<b>3</b>
<b>Aktivietar</b>	<b>3</b>
Kano-orientering	3
Utekjøkken	4
Turdag	5
Rappellerung	6
Kajakkpadling	6
Bogeskyting	7
Bushcraft	7
Bading/Svømming:	8
Førstehjelp:	8
Avslutningskveld	9
<b>Avreisedag:</b>	<b>9</b>
<b>Innkvartering</b>	<b>10</b>
<b>Måltider</b>	<b>11</b>
<b>Pakkeliste</b>	<b>12</b>
Elevane må ha med:	12
Elevane kan ta med:	12
<b>Ordensreglar for UWC Leirskule</b>	<b>13</b>
<b>Ansvars- og tilsynsordning for UWC Leirskule</b>	<b>14</b>
<b>Elevreservasjon for biler på nett</b>	<b>15</b>

## Ankomstdag

Mandag er ankomstdag på leirskulen. Elevene ankommer leirskulen mellom kl 10:00 og 14:00, avhengig av reiseveg. Denne dagen dreier seg først og fremst om å komme seg på plass. Pakke ut av baggen, re opp senga, og bli kjent med området. Første post på programmet er eit felles informasjonsmøte kl 14:30 for alle leirskuleelevar og lærare, etterfulgt av ein "campus-tour" med studentane ved UWCRCN. Det første måltidet på leirskulen er middag kl 16:55, så det er lurt å ha med matpakke heimefrå.

## Aktivitetar

Gjennom eit opphold på UWC leirskule får elevane moglegheit til å delta i ein rekke spennande og lærerike friluftslivaktivitetar. Elevane vert delt i tre grupper (rød, blå og grønn gruppe) som følger tre ulike timeplanar gjennom veka. Dei tre ulike gruppene får tilbod om dei same aktivitetene, men til ulike tidspunkt. På denne måten sikrar vi små undervisningsgrupper, og høg vaksentettleik. Alle elevane får ein turdag, og to aktivitetsdagar. Aktivitetsdagane inneholder kano og utekjøkken på formiddagen, og kajakk, bushcraft, rappellering og bogeskyting på ettermiddagen. I tillegg vert det undervisning i førstehjelp og bading i svømmehallen på kveldstid. Sjå vedlagt timeplan.

## Kano-orientering

Ein av formiddagane i løpet av opphaldet skal få alle elevane være med på ein økt med kano-orientering i nærområdet. Elevane får elevane grundig innføring i sikker kanopadling med fokus på padleteknikk, samarbeid og sikker ferdsel på fjorden. Elevane får også med seg eit enkelt kart over bukta der leirskulen ligger, og skal orientere seg fram til ulike postar der elevane må svare på naturfaglege spørsmål knytt til fjorden.



## Utekjøkken

Ein av formiddagane på leirskulen skal alle elvane på utekjøkkenaktivitet. Vi går om lag ein halv time langs fjorden, gjennom eit gammalt kulturlandskap til Trulsneset. På Trulsneset får elevane lære å lage pizza på stormkjøkken. Om forhalde ligger til rette for det lagar vi eit lite bål, og koker litt kakao. På økta får elevane lære om allemannsretter og plikter, samt regler og normar knytta til bålfyring ute i naturen.





## Turdag

I løpet av leirskuleveka skal alle elevane på turdag. Turen startar med ein kanotur til Jensbua, før vi vandrar videre til Lillingstonheimen, Fredensborg og tilbake til Jensbua. På ettermiddagen padlar vi tilbake til leirskulen. Fokuset på denne turen er at elevane skal oppleve mestring og turglede. Underveis vert det korte stopp med historier og undervisning i lokal natur og kulturhistorie.



## Rappelling

Elevane lærer rappellere som en ferdselsteknikk i bratt lende. Fjellveggen er om lag 18m høg og elevane rappellerer ned med ekstra sikring festa i klatreselen. Dette er ein spennande aktivitet der elevane verkeleg får kjenne at det kriblar i magen.



## Kajakpadling

Kajakpadling på fjorden skjer i den godt beskytta Flekkefjorden. Det blir opplæring i grunnleggande padleteknikkar og kanskje det blir høve til og demonstrere kameratredning i løpet av økta. Økta er en god blanding av øvingar og leikar for at elevane skal bli trygga i kajakken.



## Bogeskyting

Meistring av bogeskyting krev konsentrasjon og tolmod. Vi innleier økta med ein sikkerheitsgjennomgang. Her er vi på skytebane og må passe på. Vi skyter på blinkar og vekslar mellom og øve på teknikk og uhøgtidlege konkurransar i løpet av økta. Dette er ein lavterskelaktivitet med god tilgjengelighet for elevar med funksjonsnetsetningar.



## Bushcraft

Bushcraft handlar om lære seg nokon grunnleggande ferdigheter som kan komme til nytt når en er ute på tur. En lærer seg setje opp ei enkel gapahuk og fyre op bål utan fyrstikker. En må og lære seg og bruke kniv på riktig og trygg måte og grunnleggande knutar. En lærer og om kor tid det er lurt og ikkje fyre bål og kva som er egna plasser og fyre bål. Dette er ein lavterskelaktivitet med god tilgjengelighet for elevar med funksjonsnetsetningar.



### Bading/Svømming:

På kveldstid mandag og onsdag har elevane tilgang til å nytte badeanlegget ved Haugland rehabilitering. Badeanlegget består av 25 m basseng med sklie. Bassenget er tilpassa elevar med funksjonshemmning (Rampe). Bading skjer under tilsyn frå badevakt frå UWC leirskule.



### Førstehjelp:

På kveldstid tysdag er det workshop med studentar frå UWC RCN med grunnleggande førstehjelp som HLR, kasteline, behandling av kalde passienter og båre.





## Avslutningskveld

Siste leirskulekveld, torsdag, er det felles avslutning! Klassane skal førebu underhaldning og vise for kvarandre før det blir quiz og kake. Inviter gjerne studentane som ein har blitt kjent med i løpet av veke til avslutningsfesten!

## Avreisedag:

Fredag er avreisedag. Det er ingen aktivitet eller undervisning, men dagen går med til å rydde og vaske internatet. Sekken pakkes og det er på tide å ta farvell med nye bekjentskap frå andre skular. Det er vanleg med avreise rett etter frukost, men anna kan avtalast på førehand.

*\*Leirskuleprogrammet er i stadig utvikling, og vi tek etterhald om at programmet kan endre seg fram til opphaldet.*

## Innkvartering

UWC leirskule disponerer to moderne internatbygg med totalt 95 sengeplasser. Internatbyggene er fra 2015, og oppfyller krav til universell utforming. Inngangspartiet, oppholdsrom og soverom i hovedetasjen er tilpasset rullestolbrukere, med ekstra brede dører, samt automatiske døråpnere og handikaptilpasset toalett. Elevane vert innkvartert på 2, 4- eller 8- manns rom, med bad på rommet eller på gangen. Vi har også nokre enkeltrom m/bad til disposisjon for lærarar. På UWC leirskule får elevar som har behov for rullestol bu på rom saman med dei andre elevane. Dette er viktig for å sikre at eleven med behov for rullestol får ta del i den verdifulle sosiale læringa som skjer i løpet av eit leirskuleopphald.

Måltider og informasjonsmøter foregår i kantinebygget til UWCRCN. UWCRCN har årleg elevar med ulike fysiske funksjonshemminger og kantinebygget er svært godt tilpassa rullestolbrukarar. Bygget har breie inngangsparti med rampe, samt ein rullestolheis dersom det er behov for å flytte seg mellom etasjene. Campus forøvrig er godt tilpassa rullestol, med asfalterte gangvegar.



## Måltider

UWC leirskule tilbyr eit fullpensjons opphold med tre måltider (frokost, lunsj og middag) tysdag, onsdag og torsdag. Vi tilbyr også middag på ankomstdagen (mandag), samt frukost på avreisedagen (fredag). **NB! Det betyr at elevane må ta med matpakke til lunsj på ankomstdagen sjølv.** Elevane har moglegheit til å smøre seg matpakke til lunsj og kveldsmat kvar dag. Kjøkkenpersonellet har lang erfaring med å tilpasse kosten til elevar med spesielle behov (allergier eller religiøse omsyn), og det vil alltid være vegansk/vegetarisk alternativ til middag. Heimskulen informerer UWC i forkant av opphaldet dersom det er allergiar og spesielle behov for tilpassing av kosten leirskulen må ta hensyn til.

## Pakkeliste

Elevane må ha med:

- Matpakke til lunsj mandag.
- Toalettsaker
- Badetøy
- Handduk
- Gummistøvlar (nødvendig!)
- Joggesko/fjellstøvlar
- Regnkle.
- Ull- (eller super-) undertøy, gjerne fleire sett
- Langbukse til å ha ute på tur
- 2 ullgenser/fleece genser
- Ullsokkar, tynne og tjukke
- Hue, vottar og skjerf
- Liten tursekke
- Sitteunderlag
- Turkopp
- Drikkeflaske
- Klokke

Elevane kan ta med:

- Innesko
- Spel

## OBS

UWC Leirskule stiller med dyna, pute, sengetøy (laken, putevar og sengetøy) til besøkende elever og lærere.

## Ordensreglar for UWC Leirskule

Vis omtanke for medmenneske og stell fint med bygningar, inventar og naturen du ferdast i.

- Elevane må møte til tida som er fastsett timeplan, og er forventa å delta i all undervisning.
- Huset og rommet skal til kvar ein tid være rydda. Leirskulelærarane kjem på rominspeksjon kvar morgong kl 08:00. Elevane stiller ved sida av senga, og presentere rommet ryddig og reint. Utstyr til reingjering fins på vaskerommet i kvar etasje.
- Det skal brukast redningsvest i kano, kajakk og båtaktivitetar og under fiske frå brygge eller svaberg.
- Bruk av rusmidlar eller tobakk er forbode under heile opphaldet.
- UWC leirskule er ein mobilfri skule, og vi ser helst at elevane ikkje har med mobiltelefonen under opphaldet.
- Hærverk og skadeverk på inventar og utstyr kan medføre erstatningskrav.
- Det er forbode for elevar å opphalde seg i administrasjons- og helsesport bygget.
- Bading, fiske eller bruk av kano/båt utan løyve er forbode.
- Elevar som skal forlate campus må ha følge av lærar eller anna ansvarleg vaksen.
- Det skal være nattero på campus frå kl 22:00.
- Ved brot på leirskulens reglar vil vi, saman med medfølgende lærar, vurdere behovet for heimsending på eleven/foreldra si rekning. Det blir kravd full betaling

## Ansvars- og tilsynsordning for UWC Leirskule

Under alle organiserte aktivitetar har leirskulelærarane ansvaret for undervisninga og tryggleiken til elevane som deltek.

Vertskapet har ansvar for kost og losji, samt andre vertskapsplikter som branngjøring, reinhald, vedlikehald m.m. Vertskapet har medansvar for at leirskulen sine ordensreglar blir overhaldne.

Medfølgjande lærarar har medansvar for at leirskulen sine ordensreglar blir følgde og for tilsynet med elevane på fritida og nattetid (sovande nattevakt). I samarbeid med leirskulen skal medfølgjande lærarar delta i leirskulen si undervisning tilsvarande det timetalet vedkomande normalt skulle hatt i undervisning/arbeidsplantimar. Lærarane har ansvar for å innhente skriftleg samtykke frå foreldra om at dei vil gi elevane løyve til å bade utandørs i fritida.

Lov til å opphalde seg utanfor det definerte området for leirskulen kan berre gjevest av lærarane som er med, når han/ho tek ansvaret.

Det er forventa at medfølgjande lærarar held tilsyn med elevane i fritida, dvs. all tid utanom organisert undervisning / aktivitetar.

Lærarane er ansvarlege for nattevakt (sovande) og vekking. Branninstruks heng på veggen i begge husa. Lærarane er òg ansvarlege for førstehjelpskofferten på huset

## Elevreservasjon for bileter på nett

På heimesidene våre og i nokre publikasjonar brukar vi frå tid til annan bilete og video frå aktivitetar og hendelser på leirskulen. Bileta blir aldri presentert med barnas namn eller skule, men vi kan leggje ut hvilke skuler som har vore på leirskulen den aktuelle veka.

Vi legg stor vekt på å verne om integriteten til elev og lærar og legg til dømes aldri ut bilete av nokon i badekle eller i sårbare situasjonar.

For å kunne publisere bilete frå opphaldet trenger vi føresette sin tillating og ber skula dele ut og samle inn vedlagt skjema for dette. Vi vil nytte «Ver Varsam Plakaten» for retningslinjer ved bruk av bilete.